



REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2022 JØSNESET BYGDARÅD

**Torsdag 10. mars 2022, kl 18.50
på Grendahuset**

Frammøte:

Frå Bygdarådet møtte Hanne C. Tjeltveit, Ingeborg Westersjø, Sondre Fosså og Solveig Bog
15 personar utanom styret møtte og.

Årsmøtesaker:

1. **Møteleiar:** Hanne C. Tjeltveit
2. **Innkalling og sakliste** blei godkjende med merknad: Sakslista manglar punkt om honorar til styret
3. **Årsmeldinga** blei lese gjennom og godkjend.
 - Det blei spurt om kva mur det er som skal ordnast (som ligg i budsjettet). Det er muren som er like utfor inngangen til Grendahuset, mot grusbanen. Det blei og spurt om når entreprenøren kjem, men det veit me ikkje anna enn at han sa han skulle komme «i vinter».
 - Spørsmål om kva som skal stå på infotavla som skal komme ved brannstasjonen (dette jobbar ei gruppe med, så det er ikkje heilt avklart)

Rekneskap blei gått gjennom og godkjend.

- Spørsmål om kvifor det kun låg inne ein strømrkning, men det er fordi forfall på den for november var i januar og kjem på 2022-rekneskapen
- kommentar: Oppussinga av Grendahuset har hatt god økonomisk styring
- Spørsmål om kvifor det ikkje er utbetalt honorar til styret, som det blei vedtatt ved årsmøtet i fjor (Dette blir tatt opp som eiga sak ved eventuelt)

4. **Val.** Rasin Tjeltveit møtte for valnemda. Valnemda si innstilling blei einstemmig vedteke:

Oddvar Skiftun, leiar for 1 år (vald inn for 2 år)
Johan Hjorteland, styremedlem for 2 år
Lars Reidar Nesvik, styremedlem for 2 år
Jostein Hjorteland, styremedlem for 1 år
(Solveig Bog var ikkje på val og har 1 år igjen som styremedlem)

Varamedlemmer:
Brahim Gbada, 1 år
Øyvind Oaland, 1 år

Revisor: Tor Magne Skiftun (vald for 2 år)

Valnemd:
Ingeborg Westersjø, vald for 1 år
Svanhild Hjorteland, 2 år igjen
Hanne Tjeltveit, vald for 3 år

5. **Revidering av vedtekter**

Årsmøtet godkjente forslaget til nye vedtekter med dei endringsforslaga som blei vedtatt på årsmøtet.

Det var komt inn 3 endringsforslag i forkant av møtet, samt to små endringar som blei tatt opp på sjølve møtet. Samtlige blei vedtatt.

6. **Utleige av kontorlokaler – orienteringssak**

Bygdarådet har etter forrige årsmøteforslag undersøkt om det er interesse for å leige ut eit rom i gamleskulen som kontor. Det har meldt seg tre interesserte, og bygdarådet har satt i gang jobben med å gjere lokalet klart. Det er bestilt fiber og møbler. Satser på å vere klare til påske.

7. **Nettsida – orienteringssak**

Redaksjonen av nettsida sa litt om jobben dei har gjort siste året. Programmet nettsida er knytta til har blitt oppdatert, og redaksjonen jobbar nå med å oppdatere innhaldet i sida. Kjekt om folk kjem med tips til sida!

Det blei samtidig orientert litt om trimrommet. Det er Silje Sværen og Svanhild H. Gbada som har hatt ansvaret for dette. Det er til nå i år 24 betalande medlemmer. Gratis torsdagstrim kl 19.30 der alle er hjarteleg velkomne. Kom gjerne med tips til kva apparat ein kan ha på trimrommet.

8. Smashing Jøsneset – orienteringssak

Årets Smashing blir 6. august. Artistar blir Vestlandsfanden og Pakkers. Det er søkt om skjenkeløyve, og det blir 3 bussar i år. Det blei lagt fram budsjett. Oppfordring om å melde seg som frivillig til arrangementet!

9. 17. mai – orienteringssak

Det er 8 medlemmer i årets komité, og det planlegges for ei nokså tradisjonell feiring. Det blir ikkje tog, og tidspunktet for feiringa vil ta hensyn til elevar som ønsker å gå i tog på Hjelmeland først.

Det blei diskutert om ein bør redusera antallet i komiteen, men dette var det ikkje stemming for. Det blei derimot bestemt at me skal prøve med 4 varamedlemmer i staden for 8

10. Budsjettforslag

Kasserar la fram budsjettet. Det kom inn ein del forslag til endringar. Budsjettet blei vedtatt med dei endringane det var fleirtal for.

11. Eventuelt

- Flagging: det er ikkje lenger ein person som har ansvar for flagging på grendasenteret. Kommunen seier at me kan få behalde flagget, men at det er opp til oss å organisere flagginga. Forslag om å følgje dette opp med kommunen.

- Honorar: det blei stemt for om me ønsker å ha honorering av styret. Fleirtalet stemte for at me *ikkje* skal ha dette.

Dei tre som slutta i bygdarådet fekk fine bukettar og takk for den gode innsatsen dei har gjort.

Takk til alle som møtte!

Møtet var slutt ca kl 21.00.

Jøsneset, 11. 03. 2022
Solveig Bog